



Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/967 - 18/6597

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no


Dato:

27.04.2018

Byggesak gbnr 45/13 Manger - tilbygg til eksisterande løe (garasje og bod) - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje og bod på ca. 72 kvm som tilbygg til eksisterande løe.

Eigedomen er ei landbrukseigedom på ca. 27 daa.



Situasjonsplan

Planstatus

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no


Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Eigedomen ligg i område som har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF) etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.

Tiltaket ligg innafor 100-meters byggeforbodssone mot sjø.



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23

Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon frå byggeforbod i strandsone. Det er opplyst i søknaden at minste avstand til sjø er ca. 50 meter. Eksisterande løe er plassert bak våningsuset på eigedomen, og såleis lengre bort frå standlina.

Det er vidare søkt dispensasjon frå arealføremål LNF. Det er opplyst i søknaden at det ikkje er drift på bruket og at tiltaket difor ikkje er i tråd med arealføremål:

Tiltakshavar ynskjer å byggje på ein garasje- og bod del til den gamle løa på eigedomen. Då tiltaket ligg i LNF område og det ikkje er drift på bruket, krevjast det dispensasjon frå bygging i LNF område (kommuneplanen §3-4).

Det var 17.12.15 godkjent oppføring av nytt bustadhus på eigedomen. Bustadhuset var omsøkt som våningshus, og godkjent utan dispensasjon frå arealføremål LNF.

Hovudutvalt for plan, landbruk og teknisk gav i PLT-vedtak 16/2015 av 15.04.15 dispensasjon frå byggeforbod i strandsone for oppføring av våningshuset på følgjande vilkår:

11. Bygningen får status som våningshus og bruk av eigedomen skal vera i samsvar med arealføremålet LNF.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hammar-Kameratane AS	Hella 60	5936	MANGER
----------------------	----------	------	--------

Mottakarar:

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy			
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN